



Aslak Elling & Tone Andersen Baug
Stallane 7
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2079 - 18/23172

Saksbehandlar:
Sverre Solberg
SSO@lindas.kommune.no

Dato:
23.07.2018

Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 240/20 og gbnr 240/11 - "Fredly" og "Heimtun" av Bjørndal, 5993 Ostereidet.

Lindås kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen. Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.

Dette er ein kontinuerleg prosess som Geodata utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå Jordskifte og Vegvesen samt eldre skylddelingar. Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggingsføremål og andre ting.

Det har vorte meld inn feil på grenselinjene mellom gbnr 240/20, 11 og 1 av Nils M. Molvik. Desse grenselinjene er no retta opp på 5 av kartvedlegga til dette brevet. Dei andre vedlegga, syner korleis desse eigedomane såg ut FØR grenseendingane vart retta i Matrikkelen!

Som tilstøytande naboar – gbnr 240/11 og gbnr 240/1 og 2 – vert de varsla om grenseendingane som er føretekte i Matrikkelen.

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast senda tilbakemelding saman med dokumentasjon til:

Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ.
Tlf. 56 37 50 00. E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Sverre Solberg
avdelingsingeniør



Vedlegg:

240-20 Vedlegg

Mottakrar:

Aslak Elling & Tone Andersen Baug	Stallane 7	5914	ISDALSTØ
Elin & Nils Mikal Molvik	Bjørndalen 111 A	5993	OSTEREIDET
Ove Bjørndal	Vadmyrveien 28	5172	LODDEFJORD